




Årsplan klima 2026

Vedtatt i fylkesutvalet 19.03.2026 (PS 48/2026)
Regional plan for klima 2022-2035

Innhold

Innleiing	3
Samarbeid	4
Auka klimafokus i kommunane	10
Plantema: Redusere direkte klimagassutslepp	11
Plantema: Redusere klimafotavtrykket	26
Plantema: Trygt og robust Vestland	30
Plantema: Sikre naturmangfald	33
Plantema: Klimarettferd og folkehelse	36

Innleiing

Regional plan for klima 2022-2035 - ein plan for klimaomstilling av Vestland

Kva er dette?

Dette dokumentet er årsplan for 2026, eit dokument som syner korleis vi aktivt jobbar for å følgje opp Regional plan for klima 2022–2035 sitt handlingsprogram for perioden 2022–2025.

Årsplanen seier:

kva vi skal gjere i 2026

kven som har ansvar for å gjere det

Årsplan 2026 sine fylkeskommunale tiltak for utsleppsreduksjon finn de også att i klimabudsjettet for 2026. Fylkeskommunen nyttar klimabudsjett som styringsverktøy. Dette er inkludert i [Budsjett 2026/økonomiplan 2026–2029](#).

www.vlfk.no/klimaplan



Samarbeid

1. Klimaråd Vestland

1.1. Klimaråd Vestland

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Vurdere vidare drift i klimarådet basert på arbeidet med dei to nye regionale planane. Evaluere og vurdere vidare form.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

2. Regional samarbeidsgruppe for klimaomstilling

Ingen tiltak i 2026

3. Klima og miljøleiing i Vestland fylkeskommune

3.1. Klimabudsjett – vidareutvikle det som verktøy for måloppnåing

- **Skildring:** Følgje opp politisk bestilling for enno betre å synleggjere og talfeste tiltak i klimabudsjettet, med mål om å tydeleg skilje mellom utslepp totalt i fylket og fylkeskommunal aktivitet. Gjennomførbarheit, økonomisk skisse, finansieringshøve og tidsplan vert vurdert inn i arbeidet for å betre visualisere kva tiltak som monnar og korleis vi ligg ann i høve nasjonale og regionale klimamål. Prosessen kan krevje bruk av eksterne ressursar, som vert finansiert gjennom klimafondet.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon, konsernansvar klima

3.2. Klima- og miljøstyring som integrert del av verksemdsstyringa og kvalitetssystemet

- **Skildring:** Vidareutvikle tverrfagleg samarbeid om klima- og miljøarbeid internt i fylkeskommunen og forankring i administrativ leiing, ta ei aktiv rolle som Klimapartner i Vestland og levere årleg klima- og miljørekneskap.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon, konsernansvar klima

3.3. Miljøfyrtårnsertifisering VLFK

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Vestland fylkeskommune er som konsern sertifisert som Miljøfyrtårn. Det er eit mål å fullføre og oppretthalde miljøsertifiseringa av fylkeskommunale einingar. Det er p. t. 18 vidaregåande skular som er miljøsertifiserte. Klimabudsjett saman med miljøleiingsverktøyet Miljøfyrtårn og ein offensiv anskaffingsstrategi bidreg til gjennomgåande klima- og miljøleiing i heile organisasjonen.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

3.4. Eigarstyring og eigarstrategiar

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Som eigar stiller fylkeskommunen miljø- og klimakrav til selskapa våre gjennom eigarskapsmeldinga, og for nokre av selskapa gjennom enkeltvise eigarstrategiar. Dei fleste av selskapa har slutta seg til eigarskapsmeldinga, og krava i den. Fylkeskommunen vedtok og sendte ut ny eigarskapsmelding med klima-, miljø- og naturkrav i juni 2024. Krav om at selskapa innrettar seg. Vidare løpande oppfølging.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Organisasjon og økonomi

3.5. Naturkonsekvensvurdering

- **Skildring:** Vidareutvikle metode for å inkludere naturkonsekvensvurdering av fylkeskommunale budsjettvedtak som del av ordinær økonomiplanprosess. Avhengig av kapasitet internt til å følgje opp og gjennomføre analysar. Det vil bli arbeida med å finne føremålstenleg tidspunkt å løfte naturkonsekvensar i prosjektprosessar med INV og EIU, for å sikre at informasjonen kjem fram til rett tid i avgjerdsprosessane.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon, konsernansvar klima

4. Klimapartnere Vestland

4.1. Klimapartnere Vestland

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Vidareutvikling av Klimapartnere Vestland som eit partnerskap for utsleppskutt og grøn forretningsutvikling. Nettverket vidareutviklar klimarekneskap som verktøy for å systematisk jobbe med klimarapportering for å syne resultat, samle eksempel frå verksemdene og vise god praksis. Klimapartnere Vestland har no 82 verksemdar som partnerar i heile fylket. Fylkesadministrasjonen skal leggje fram ei evaluering av Klimapartnere Vestland som belyser aktivitetsnivå, partnervekst og i kor stor grad Klimapartnere bidrar til at medlemmene i nettverket aukar innsatsen for grøn omstilling i næringslivet. Vurderinga skal òg sjå hen til samanliknbare einingar i Klimapartnere-nettverket.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

5. Regionale tilskotsordningar

5.1. Vektlegging av bidrag til klimaomstilling i fylkeskommunale tilskotsordningar

- **Skildring:** I samband med tildelinga av regionale tilskotsmidlar skal miljøprofil og tiltaket sitt bidrag til klimaomstilling vektleggast i vurderinga, når det er relevant. Utarbeide gode rutinar på dette i kvar enkelt tilskotsordning for å sikre at tilskotsmidlar frå VLFK bidreg til å stimulere prosjekt til å bidra til klimaomstilling, og at Vestland når måla sine.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune, alle avdelingar
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon, saman med toppleiargruppa.

5.2. Tilskot til drift av miljøorganisasjonar

- **Skildring:** Følgje opp samarbeidsavtalar med miljøorganisasjonar for tilskot til drift 2024-2026 (PS256/2024 i fylkesutvalet 22.10.2024). Inngå og følgje opp samarbeidsavtalar med Naturvernforbundet Hordaland, Bergen og Hordaland Turlag, DNT Sogn og Fjordane, Voss Utferdslag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane m/lokallag og Vestland Natur og Ungdom.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

6. Klima- og miljøpris

6.1. Vestland sin klima- og miljøpris 2026

- **Skildring:** Publisere, nominere, samt promotere prisen. Nominasjonsfrist 28. februar 2026. Innstillingutval gjennomgår nominasjonar og innstiller kandidat/kandidatar til fylkesutvalet. Fylkesutvalet avgjer om prisen skal delast ut og til kven. Prisen på 70 000 kr og diplom vert delt ut i fyrste tingsete etter vedtak
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

7. Innbyggjarpanel / generasjonskafé

Ingen tiltak i 2026

8. Klimakommunikasjon

8.1. #Klimaomstilling 2026

- **Skildring:** Planlegge og gjennomføre Klimaomstillingskonferansen 2026 hausten 2026.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune, i samarbeid med Vestlandsforskning, Statsforvaltaren, Høgskulen på Vestlandet, NORADAPT, NORCE, Klimapartnere Vestland, KS Vestland og Kartverket.
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

8.2. Klimathon 2026

- **Skildring:** Vidareutvikle Klimathon, eit arrangement der vi jobbar på tvers av fag, sektor og geografi for å løyse utfordringar knytt til klimatilpassing. Planlegge Klimathon 2026.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune, NORADAPT og NORCE
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

8.3. Bærekraftig frokost

- **Skildring:** Avklare koordinering av Bærekraftig frokost som møteplass for dialog, inspirasjon og erfaringsutbyte om tema som energieffektive bygg og bærekraftige bymiljø. Møta er både fysiske og digitale for å nå ut til interessentar i fylket. Omorganisering i Bergen kommune krev avklaringar om vegen vidare og kven som skal ta koordineringsrolla vidare.
- **Hovudansvarleg:** Samarbeid mellom Bergen kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Universitetet i Bergen, Bergen Arkitektshøgskole og Høgskulen i Vestland.
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

8.4. Klima og miljøfokus i den Kulturelle Skulesekken

- **Skildring:** Klima- og miljøfokus i programmet for 2026 til både grunnskulen og vidaregåande skule i skuleåret 2025/2026.
- **Hovudansvarleg:** Den Kulturelle skulesekken
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Kultur og folkehelse

8.5. Varmere Våtere Villere

- **Skildring:** Klimafestival arrangert i Bergen, 11.-14. mars 2026. Klimafestival for å gjere klimadebatten meir tilgjengeleg og engasjerande gjennom uformelle og sosiale arenaer for dele kunnskap, meiningar og idear. Vestland fylkeskommune har inngått samarbeidsavtale med klimafestivalen for 2026-2028. Fagansvarleg klima har høve til å delta i planlegging og bidra med vestlandsrelevante tematikkar.
- **Hovudansvarleg:** Varmere Våtere Villere
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring plan og innovasjon

9. Klimakommunikasjon

9.1. Oppfølginga av Utsleppsanalysa frå CICERO og TØI

- **Skildring:** Sikre god bruk av kunnskapsgrunnlaget i utsleppsanalysen og tiltakspakkane. Oppdatering av modellen og framskrivingar basert på nye data vert gjennomført i 2026, kostnad med oppdatering frå frå Klimafondet.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

9.2. Oppfølginga av Utsleppsanalysa frå CICERO og TØI

- **Skildring:** Sikre god bruk av kunnskapsgrunnlaget i utsleppsanalysen og tiltakspakkane. Oppdatering av modellen og framskrivingar basert på nye data vert gjennomført i 2026, kostnad med oppdatering frå frå Klimafondet.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Næring, plan og innovasjon

9.3. Klima- og miljøfag i vidaregåande opplæring

- **Skildring:** Klima- og miljøfag ved Firda vgs svarer godt ut på overordna mål om berekraftig utvikling og klima og miljøundervisning. Faget ser klimautfordringar i både eit naturfagleg og samfunnsfagleg perspektiv. Utdanningsdirektoratet har innvilga vidare forsøk med faget, og forsøkslæreplanen i klima- og miljøfag 1 og 2 kan gi godkjent fordjuping på programområde for språk, samfunnsfag og økonomi ved Firda vidaregåande skule.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling i fylkeskommunen:** Opplæring og kompetanse

9.4. EU Mission: Charter for Climate Adaptation

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:**

- **Skildring:** Deltok aktivt i å følge opp signert Mission Charter for Climate Adaptation i nasjonalt nettverk drifta av KS (EUreKKA), samt tilhørende Community of Practice. Samarbeid om klimatilpassing, både kunnskap og løysingar.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

9.5. Actionable budgets for sustainable climate and nature governance (ECOBUDGET)

- **Skildring:** Deltaking i prosjekt som skal undersøke korleis kommune og fylkeskommunen aktivt kan bruke klimabudsjett og arealrekneskap-budsjett som eit verktøy i forvaltning og arealplanlegging.
- **Hovudansvarleg:** Universitetet i Bergen
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

9.6. Forprosjekt: Alternative konstruksjonstypar og materialar i bru

- **Skildring:** Forprosjekt med oppsummering av fordeler og ulemper med alternative brukonstruksjonar, som til dømes bru i aluminium, kompositt med meir, med omsyn til kostnad og berekraftsprestasjon i eit livsløpsperspektiv. Slik kunnskap vil vere nyttig får å få opp berekraftsprestasjon for kommande investeringsprosjekt og vil kunne ta ned klimafotavtrykket i eit livsløpsperspektiv. Undersøke mogelegheit EU-finansiering.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg.



Figur 1 Skilt på Stend vidaregåande skule. Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Auka klimafokus i kommunane

10 Klimanettverk for kommunar i Vestland

10.1. Kommuneundersøking 2026

- **Skildring:** Gjennomføre og følge opp kommuneundersøkinga 2026.
- **Hovudansvarleg:** Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

10.2. Klimaomstilling i kommunale planar

- **Skildring:** Sikre oppfølging av Regional plan for klima gjennom kommunale planprosessar. Følgje opp kommunale overordna planar. Dette kan vere med eigen klimaplan, eller at det vert tilstrekkeleg dekkja i andre overordna kommunale planar.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

10.3. KlimaVestland

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** KlimaVestland er ei satsing på samarbeid med kommunane i Vestland om klimaomstillinga. Gjennom satsinga vert det tilrettelagt for kunnskapsdeling, opplæring via klimanettverk og webinarar, og gjennom rådgjeving i planleggingsprosessar.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

11 Kunnskapsbasert planlegging

11.1. To steg nærmare arealnøytralitet

- **Skildring:** Utvikle verktøy for å redusere klimagassutslepp i arealplanlegginga og redusere naturtap. Verktøyet skal hjelpe kommunane å identifisere areal med potensiale for transformasjon og areal med potensiale for restaurering. Prosjektet er videreutvikla til eit samarbeidsprosjekt med Akershus, Østfold og Rogaland fylkeskommunar. Det skal utarbeidast einkartmetodikk i tråd med regionalt arealrekneskap for å kartfeste transformasjonspotensial av grå areal, samt ein prosessretteleiar tilpassa kommunal arealplanlegging for transformasjon og restaurering av grå areal. Prosjektslutt juli 2026.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

11.2. Kursing i bruk av VERBENA

- **Skildring:** Prosjekt i å auke bruken av verktøyet for å ta i bruk naturbaserte løysingar i kommunal planlegging. Målsetningen med prosjektet er i) å kurse kommuner i bruk av VERBENA, ii) presentere VERBENA til flere kommuner og andre relevante aktører, og, iii) samle erfaringene i en egen lærings- og eksempelmodul i VERBENA. Prosjektet er planlagt avslutta Q2 i 2026 etter gjennomført arbeidsverkstad i Bergen.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune i samarbeid med: Stavanger kommune, Etne kommune, Sauda kommune, Bærum kommune, Rogaland fylkeskommune, Nettverk for klimatilpassing i Trøndelag v/Statsforvaltaren i Trøndelag.
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

12 Vidareutvikle klimabudsjett som styringsverktøy

Ingen tiltak i 2026. Inngår i 3.4. og intern klima- og miljøleing i Vestland fylkeskommune.

13 Heilskapleg klimaplanlegging

13.1. Samordning og samarbeid om rettleiing

- **Skildring:** Samordning av rettleiing ovanfor kommunane.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

Plantema: Redusere direkte klimagassutslepp

Deltema: Transport

14 Nullvekstmål i byområda

14.1. Miljøløftet

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak

- **Skildring:** Miljøløftet er samarbeidet mellom kommune, fylke og stat om byvekstavtalen for bergensområdet. Det viktigaste målet i byvekstavtalen er nullvekstmålet. Det inneber at personbiltrafikken i bergensområdet ikkje skal auke samanlikna med referanseåret 2018. Alle forvaltningsnivå er representert i Miljøløftet, og samarbeidet kan med det nytte kommunale, fylkeskommunale og statlege verkemiddel på areal- og transportområda. Dette inkluderer til dømes parkeringsrestriksjonar og fastsetting av bompengenivå, som begge har effekt på klimautslepp. Vidare realiserer fylkeskommunen og dei andre forvaltningsnivåa ein rekke tiltak gjennom Miljøløftet som skal styrke konkurransekrafta til kollektivtrafikk, gange og sykkel mot personbil.
- **Hovudansvarleg:** Tett samarbeid mellom dei 9 partane i Miljøløftet
- **Ansvarleg avdeling:** Mobilitet og kollektiv

14.2. Kvantifisere effekt av Miljøløftet

- **Skildring:** Vurdere om det er mogleg og tenleg å kvantifisere klimaeffekten til byvekstavtalen for å integrere det i klimabudsjettet for 2027
- **Hovudansvarleg:** Tett samarbeid mellom dei 9 partane i Miljøløftet
- **Ansvarleg avdeling:** Mobilitet og kollektiv

15 Grønare bybanebygging

15.1. Klima- og miljømål BT5

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** I samband med prosjektering av Byggetrinn 5 pågår det eit arbeid med å etablere kunde- og prosjektmål for prosjekteringa. Dette skal sikre effektiv målstyring og sikre at prosjektet bidreg til å nå VLFK sine overodna mål. Berekraft blir lagt til grunn som eit styrande prinsipp, og kundemåla er utforma for å bidra til dei tre dimensjonane; miljø, økonomi og sosiale tilhøve. Målarbeidet blir ferdigstilt hausten 2025, med utvikling av måltavle, visualisering av KPI'ar og rapportering i 2026.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Eigedom og utbygging

15.2. Klimastyrt prosjektering

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** For å redusere klimafotavtrykket frå utbygging av bybanen er det viktig å arbeide tidleg og systematisk med klimagassreduksjonar i prosjekteringsfasen. Klimastyrt prosjektering er ein metodikk som synleggjer klimafotavtrykket basert på modelldata, og som skal nyttast i samband med prosjekteringa av Byggetrinn 5 til Åsane. Metoden gjer det mogleg å:
 Overvake klimafotavtrykket i prosjekteringsfasen
 Drive målstyring for klimafotavtrykket av BT5
 Gi datagrunnlag for alternativvurderingar og løysingsval undervegs i prosjekteringa
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Eigedom og utbygging

15.3. Grønare bybanebygging: Tilrettelegging for utsleppsfrie anlegg BT5

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Elektrifisering av maskinparken leggjast til grunn for å redusere direkte klimagassutslepp i Byggetrinn 5. Fram mot byggestart arbeider BU med koordinering med straumselskap og Statens Vegvesen om framlegging av straum i forkant av anleggsstart. Det er viktig å sikre kapasitet tidleg og sette i gang naudsynte søknadsprosessar i god tid. Det er gjennomført eit kartleggingsarbeid som vurderer effektbehov i utbyggingsfase, effektbehov i driftsfase, variasjon i effektbehov under utbygging og straumtilgang i ulike delar av traseen. Prinsippet er at ein kan legge fram straum til likerettarstasjonar i forkant av utbygging, slik at denne kapasiteten òg kan nyttast til å forsyne utsleppsfrie maskiner i anleggsfasen.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Eigedom og utbygging

15.4. Klimakrav nye bybanevognar

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** Bybanen utbygging har ansvar for anskaffing av nye bybanevognar. Det pågår no eit arbeid med å utarbeide kravspesifikasjonar i samband med anskaffingane. Eit viktig satsingsområde er å etablere gode og tidsriktige klimakrav som understøttar VLFK sine klimamål. Tiltaket inneber mellom anna:
 - Identifisering av viktigaste klimadrivarane
 - Marknadsundersøking i den internasjonale marknaden
 - Erfaringsinnhenting og læring av andre vogninnkjøparar i Noreg og Europa
 - Kravspesifikasjonen skal etablerast i løpet av 2025, og konkurransen lysast ut i 2026.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Eigedom og utbygging

16 Vidareutvikling av tettstadpakkar i Vestland

Ingen tiltak i 2026

17 Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn

Ingen tiltak i 2026

18 Vestlandssatsing på elektrisk luftfart

18.1. Vestlandssatsing på elektrisk luftfart

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Pilotrute for varetransport med elektrisk fly mellom Stavanger og Bergen er i gang i regi av Luftfartsverket og Avinor. I samband med statlege høyringar vil fylkeskommunen spille inn bruk av Vestland som testarena for elfly.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

19 Grøn skipsfart

19.1. Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Nullutslepp- og lågutsleppsteknologi i skipsfart er naudsynt for å redusere klimagassutslepp frå sjøfart. Tiltaket omhandlar å legge til rette for samarbeid mellom aktørar innan alternative drivstoff i skipsfart og om ein heilskapleg verdikjedesatsing. Til dømes ved samarbeidsavtaler med dei grønne grønne maritime klyngene, arbeid i Grøn Region Vestland, prosjektstøtte og arbeid for betre rammevilkår og vere positiv til aktørar som vil etablere produksjon eller bunkringsanlegg langs kysten. Å arbeide for nasjonale rammevilkår som stimulerer i relevante høyringar er og viktig. Klimapartnere arrangerer møte med Bergen Havn om grøn båttransport i juni.
- **Hovudansvarleg:** Mangfaldig samarbeid. Vestland fylkeskommune, i samarbeid med: Enova, staten, kommunar, hamnemyndigheiter, maritim næring, Kystverket og andre relevante aktørar, inkl. Grønt Skipsfartsprogram.
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

19.2. Elektrifisering av ferjesamband

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Ferjekontraktane for fylkesvegferjesambanda i Hordaland som vart starta opp i perioden 2018-2020, har ført til ein reduksjon på 86 prosent i klimagassutsleppa frå ferjene mellom 2016 og 2022. Etter anbodskonkurranse vart det i desember 2024 tildelt nye ferjekontraktar for sju samband med oppstart i november 2027. Desse kontraktane inneber eit krav om å redusere klimagassutsleppa med minst 65 prosent i høve dagens drift på sambanda. Når desse ferjene kjem i drift, vil dei bidra til å redusere dei resterande utsleppa frå ferjene i Vestland med om lag 40 prosent. Ein estimerer utsleppskutt på om lag 7 800 tonn CO₂ frå ferjedrift i Sogn og Fjordane, Hisarøy og Osterøy frå november 2027.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Mobilitet og kollektiv

20 Framtidas hurtigbåt

20.1. Utsleppskutt i båtkontraktar basert på dagens tilgjengelege teknologi

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Utsleppskutt i båtkontraktar basert på dagens tilgjengelege teknologi (trinn 1 ref. FUV PS 99/2025)
Trinn ein i Skyss sin trappetrinnsmodell for reduksjon av klimagassutslepp frå båtruter handlar om å oppnå klimagassutslepp gjennom dagens tekniske handlingsrom.
Den første driftskontrakten med nye hybridelektriske fartøy starta opp i mai 2024, men etableringa av ladeinfrastruktur har vore forseinka. I 2024 gjekk klimagassutsleppa ned med 7 prosent i høve året før.
Innføringa av elektriske båtar på rutene Askøy - Bergen og Nordhordland -Bergen i 2025 skulle ha starta opp i starten av 2025, men er utsett til slutten av 2025. Med dei inngåtte kontraktane er det forventa å redusere dei resterande klimagassutsleppa frå båtar i Vestland med 12 prosent i høve i 2024.
Dessutan pågår det ein konkurranse for båtkøyring på fire båtruter i Hordaland (fornyng av kontraktar). Her vert miljø vekta med 30 prosent og det er forventa hybridelektriske løysingar på to av rutene.
Miljødirektoratet har løyvd støtte til utsleppskutt på Sunnhordlandsruta. Det er tidlegare vedteke å tilpasse klimaambisjonen til statleg medfinansiering. Skyss greier no ut handlingsrommet, rutetilbodet og kostnadane og skal leggje fram saka til politisk handsaming.

Skildring Utsleppskutt i tonn CO₂ - heilårseffekt

Utsleppskutt frå lokale båtruter i Sogn og Fjordane frå mai 2024 2 400

Utsleppskutt frå båtrutene til Askøy og Nordhordland frå januar 2025 2 700

Utsleppskutt frå Espevær-Eidesvik og Lokalbåt Austevoll Ikkje estimert

Utsleppskutt frå båt Sunnhordland Ikkje estimert

- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Mobilitet og kollektiv

20.2. Teknologiutvikling båt

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-quantifiserbare klimatiltak

Skildring: Teknologiutvikling båt (trinn 2 ref. FUV PS 99/2025)

Trinn to av Skyss sin trappetrinnsplan for reduksjon av klimagassutslepp for båtrutene er å bidra til teknologisk utvikling. Undersøkingar av det tekniske handlingsrommet syner at det er vanskeleg å kutte klimagassutslepp umiddelbart på dei mest krevjande båtrutene med dagens teknologi. Ivaretaking av Vestlands klimaambisjonar fordrar difor vidare teknologiutvikling.

Eit viktig utviklingsprosjekt i så måte er "Framtidas hurtigbåt". Vestland fylkeskommune deltek i prosjektet i samarbeid med Nordland, Troms, Finnmark og Trøndelag fylkeskommunar. Det er eit pågåande prosjekt der deltakarane skal detaljprosjektare energieffektive fartøy til relevante pilotruter. Skyss vil vurdere korleis ein pilotkontrakt kan utformast, og sjå nærare på kva ein slik kontrakt vil koste og kva ressursar det krev. Skyss har motteke støtte frå Framtidas hurtigbåt til dette arbeidet.

For Vestland fylkeskommune er Kystvegsekspressen aktuell som pilotkontrakt.

Hovuddokument i PS 99/2025 i FUV: Avklaring av klimaambisjon og rekkefølge for båtanskaffingar - korleis sikre statleg medfinansiering og bidra til teknologiutvikling

- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Mobilitet og kollektiv

20.3. Ta i bruk ny teknologi på ruter som treng det

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp

Skildring: Trinn tre i Skyss sin trappetrinnsplan for reduksjon av klimagassutslepp frå båtruter handlar om å ta i bruk nyutvikla teknologi på dei mest krevjande båtrutene.

Av samband som skal lysast ut dei neste åra gjeld dette Rosendal-Bergen og Bergen-Nordfjord-Sogn. Desse rutene har så lange overfartsdistansar at rutene ikkje kan nytte dagens tilgjengelege teknologi, og samstundes gi eit tilstrekkeleg tilbod for dei reisande. Større utsleppskutt på desse rutene er avhengig av vidare teknologiutvikling, som til dømes demonstrasjon av energieffektivt design i ein pilotkontrakt.

Utviklinga for Rosendal-Bergen og Bergen-Nordfjord-Sogn er difor sterkt knytt til trinn to.

Hovuddokument i PS 99/2025 i FUV: Avklaring av klimaambisjon og rekkefølge for båtanskaffingar - korleis sikre statleg medfinansiering og bidra til teknologiutvikling

- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Mobilitet og kollektiv

21 Hurtigladestrategi

21.1. Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladeplassar for elektriske køyretøy i Vestland

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Ved å tilby investeringsstønad til aktørar som vil etablere offentleg tilgjengelege ladeplassar, skal ordninga skal gjere det mogleg å bygge ut hurtigladeplassar på stader der kundepotensialet i dag ikkje er venta å gje lønnsam drift. Fylkeskommunen sine tilskot til hurtiglading er ei stor grunn til at Vestland er regionen i verda med høgast tal for elbilar av nybilkjøp og del av bilparken. Tildelingane frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon sikrar eit ladetilbod i heile fylket.
- Vestland fylkeskommune har sett av 3.390.000 til stønadsmidlar til ladeinfrastruktur til elektriske køyretøy som i 2026 vil ha spesiell fokus på å fyller hull i ladenettet med spesiell fokus på at alle drosjar i Vestland frå 1.4.2026 er omfatta av forskrifta fylkeskommunen har vedteke om nullutslepp i drosjenæringa i fylket.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

21.2. Tilskot til heimeladar for drosje

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Vestland fylkeskommune legg til rette for overgangen til nullutsleppsdroser ved tilskot til kjøp og montering av ladar heime hos drosjesjåførar som eig eller er i ferd med å kjøpe elektrisk drosje. Ordninga er avslutta i tidligare Hordaland etter at ny forskrift tredde i kraft, men held fram i Sogn og Fjordane fram til 1.4. 2026.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

21.3. Hurtigladeinfrastruktur til tyngre køyretøy

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Strategi for lading av tunge køyretøy vart vedteke av Fylkestinget i juni 2024 og skal reviderast kvart år. Fylkestinget har satt av 5 mill kvart år framover i økonomiplanen. Hausten 2025 ga VFLK tilskot til nye tungbilladestasjonar på Mongstad, Moskog og Øystese.
- Tilskot til tungbilladestasjonar kjem i tillegg til vanleg hurtiglading (tiltak 21.1) som i 2026 vil ha spesiell fokus på fyller hull i ladenettet med spesiell fokus på at alle drosjar i Vestland frå 1.4.2026 er omfatta av forskrifta fylkeskommunen har vedteke om nullutslepp i drosjenæringa i fylket.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

21.4. Tilskot til normalladarar ved reiselivsdestinasjonar i Vestland

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Reiselivsaktørar og andre organisasjonar kan søke Vestland fylkeskommune om tilskot til å kjøpe og sette opp el-billadar (normalladar) for besøkande
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

21.5. Miljøkrav til drosjenæringa i Vestland

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Vestland fylkeskommune si forskrift med krav om nullutslepp for drosjar trådte i kraft frå 1.april 2024 for kommunane i Hordaland og vil tre i kraft frå 1.4.2026 for kommunane i Sogn og Fjordane.

Basert på tidlegare utgreiing for Hordaland, var det samla utsleppet frå drosjedrift i tidl. Hordaland fylke rekna til 10 100 tonn CO₂-ekvivalentar. Om ein reknar drosjer i Sogn og fjordane som vil kunne omfattast av miljøkravet, vil innføring av eit nullutsleppskrav kunne gi eit reduksjonspotensialet på 2 230 tonn CO₂-e årleg i direkte utslepp av klimagassar i nordre del av fylket.

- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

22 Nullutsleppsbussar

22.1. Nullutsleppsteknologi buss

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
Skildring: Ved hjelp av elektrifisering, biogass og omsettingskravet kutta vi klimagassutsleppet frå buss i Vestland med om lag 30 prosent frå 2018 til 2024.

I juni 2025 vart nye busskontraktar i Hardanger/Voss, Nordfjord og Modalen/Vaksdal starta opp med mange elektriske bussar. Vidare er det inngått kontrakt med krav om minst 60 prosent utsleppskutt for busskøyning i Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland. Driftsoppstart er i 2026. Til saman forventar ein med desse tiltaka at dei resterande utsleppa frå bussane i heile fylket vil gå ned med 25 prosent i høve 2024.

Det vert arbeidd med førebuing av nye kontraktar for busskøyning i bergensområdet.

Utsleppskutt i tonn CO₂ - heilårseffekt

Utsleppskutt frå bussdrifta i Hardanger/Voss, Modalen/Vaksdal og Nordfjord frå juni 2025 4 600

Utsleppskutt frå bussdrifta i Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland frå juni 2026 4 200

Utsleppskutt frå bussdrifta i Nordhordland frå juni 2027 1800

- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Mobilitet og kollektiv

23 Klimavenleg fylkesveg

23.1. Driftskontrakt for Nordhordland 2025-2030

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Utsleppsfrie køyretøy og redusert bruk av vegsalt er nokre av krava i den nye driftskontrakten for Nordhordland perioden 2025-2030. Kontrakten gjeld frå 1. september 2025 til 31. august 2030. Oppgåver som kantklipp, brøytestikk og reinhald skal utførast 100 prosent utsleppsfritt frå 1. september 2026. Krava til snøbrøyting er at denne skal gjerast 55 prosent utsleppsfri totalt sett i perioden. Kva slags vinterver vi får vil påverke kva det reell utsleppet blir, men det er estimert ein reduksjon på 624 tonn CO₂e i perioden 2025-2029. Klimagassutsleppa baserer seg på dei største enkeltprosessane i driftskontraktene og er forsøksvis delt på kalenderår. Estimata er ei samanlikning med utsleppa vi får ved å ikkje gjere nokon tiltak.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

23.2. Driftskontrakt Sunnfjord Nord

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Det er estimert utsleppskutt for driftskontrakt for Sunnfjord nord. Tiltaka i denne driftskontraktene gjeld for brøyting, strøing med salt og sand, stikkesetting og reinhald. Kva slags vinterver vi får vil påverke kva det reell utsleppet blir, men det er estimert ein reduksjon på 408 tonn CO₂e i perioden 2024-2028. Klimagassutsleppa baserer seg på dei største enkeltprosessane i driftskontraktene og er forsøksvis delt på kalenderår. Estimata er ei samanlikning med utsleppa vi får ved å ikkje gjere nokon tiltak.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

23.3. Grøn anleggssektor

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Deltaking i nettverket Grønn Anleggsektor for å sikre grøn og fossilfri framtid der innovasjon og nye former for verdiskaping er naudsynt. Nettverket skal sikre sektoren si konkurransekraft.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

23.4. Klimagassutslepp i driftsfase, veg- og infrastrukturprosjekt

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Vestland fylkeskommune skal utvikle eit verktøy for å berekne klimagassutslepp i driftsfasen av veg- og infrastrukturprosjekt.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

23.5. Fokus på klima i tidleg fase av veg- og infrastrukturprosjekt

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak

- **Skildring:** Vestland fylkeskommune skal utforske handlingsrommet i tidleg fase av eit arealplanarbeid. Fylkeskommunen skal setje søkjelys på og teste ut ulike verktøy han og andre vegeigarar kan bruke i planfasen for å oppnå utsleppsreduksjon frå vegbygging. Finansiering: Klimasats.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

23.6. Auka elektrifisering av driftskontraktar

- **Skildring:** Det skal gjerast ei moglegheitsstudie for å konkludere om elektrifisering av kommande driftskontraktar er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg. Studien vil innebere ei kartlegging av teknologimodenheit av driftskøyretøy, ladebehov og eksisterande lademoglegheiter. I tillegg skal det gjerast ei undersøking om moglegheita for innovative lademåtar med bruk av straum som er tilgjengeleg i teknisk bygg ved tunnelane.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

23.7. Auka bruvedlikehald

- **Skildring:** Det lønner seg for klima å forlenge levetida til bruer framfor å bygge nytt. Ved å hente inn etterslepet på vedlikehald av bru, vil ein sleppe å bygge nytt før levetida er utnytta. Avdeling for infrastruktur og veg vil gjere naudsynt kunnskapsinnhenting og finne handlingsrommet for auka bruvedlikehald, inklusive klimatilpassing av eksisterande bruanlegg.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

23.8. Utvikle verktøy for klimagass-budsjettering

- **Skildring:** Prosjektet skal utvikle eit verktøy for klimagassbudsjettering. Verktøyet skal bistå tilbydarar med å lage klimabudsjett med kvalitetssikra utleppsfaktorar. Deltaking i utvikling av budsjetteringsverktøy gjer at fylkeskommunen som byggherre kan vere med å påverke produktutviklinga mot vegdrift, slik at tilbydarar og byggherre sine system fungerer godt saman med felles omgrep og utleppsfaktorar. Det skal også vurderast om verktøyet kan nyttast som støtte til verktøy for rapportering av klimagassutslepp frå drift og anleggsprosjekt. Avhengig av finansiering
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

23.9. Auka gange og sykkel

- **Skildring:** Kartlegge potensialet for å auka gang- og sykkelbruk langs fylkesvegstreningar med høg folkekonsentrasjon, og vurdere tiltak i samband med rullering av RTP-Investeringa
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

24 Klimavenleg massehandtering

24.1. Strategi for sirkulær massehandtering i Vestland

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Vestland fylkeskommune har samla kunnskap om både gevinstar og utfordringar ved berekraftig og nyskapande massehandtering. Basert på dette er det tilrådd ni satsingsområde som skal bidra til:
 - betre samordning av regelverk,
 - utvikling av kompetanse,
 - og styrka intern og ekstern samhandling. Utarbeiding av overordna strategi for sirkulær massehandtering i Vestland.Basert på kunnskapsgrunnlaget som vart henta inn, skal det utarbeidast ein overordna strategi for sirkulær massehandtering i Vestland.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
Ansvarleg avdeling: Infrastruktur og veg



Figur 2: Flo-tunnellen. Foto: Heidi Ravnestad/Vestland fylkeskommune

Deltema: Energieffektivisering

25 Berekraftige bygg i Vestland fylkeskommune

25.1. Solcelleanlegg fylkeskommunale bygg

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** Lokal fornybar energiproduksjon er eit viktig satsingsområde for å redusere klimafotavtrykket frå drift av fylkeskommunale bygg. Dette gjerast både gjennom krav til solceller i miljøprofilen i nybygg, men òg gjennom å installere solceller på eldre bygg.

I 2024 stod det syv solcelleanlegg på fylkeskommunale bygg, som gav årleg reduksjon av CO₂-utslepp frå straumforbruk på om lag 101 tonn CO₂e per år.

Fylkestinget vedtok i 2024 ein handlingsplan for solceller på fylkeskommunale bygg, «Framtidsretta energiforsyning i Vestland fylkeskommune sine bygg». Det vises til budsjettvedtak 14.12.23 (PS 116/2023), samt vedtak sak i FT 19.03.2024: Fylkestinget vedtek handlingsplan for solceller på fylkeskommunale bygg slik det ligg føre i saka. Dette gjeld totalt 11 prosjekt innan utgangen av 2026. Handlingsplanen omfattar ei konkret liste på elleve prosjekt der fylkeskommunen ønskjer å installere solcelleanlegg. Målsettinga er å realisere desse innan utgangen av 2026. Dette vil følge rapport frå Sweco (2023) kunne gi reduksjon på om lag 289 tonn CO₂e årleg.

Av dei 11, vart det i 2024 gjennomført anskaffingar av 2 anlegg, og desse vart sett i drift i 2025 (Sandsli VGS og Olsvikåsen VGS) med ein årleg produksjon på om lag 255 000 kWt. Dette gir ein ytterlegare CO₂-reduksjon på 51 tonn CO₂-e pr. år.

I tillegg er det i 2025 levert solceller på nybygga Kvam VGS, Stord VGS og Askøy VGS, med årleg produksjon på til saman 413 000 kWt. Dette reduserer klimafotavtrykket med 82,5 tonn CO₂-e årleg.

I 2026 er det planlagt anskaffing og driftssetting av anlegg på Fyllingsdalen VGS, Os VGS, Eid VGS, Måløy VGS og Årdal VGS i tillegg til anlegg på nybygga Førde bussanlegg og Sogndal tannklinikk. Til saman vil dette gi ein årleg produksjon av 1 008 500 kWt og estimert årleg CO₂-reduksjon på 201,7 tonn CO₂-e.

Utsleppsfaktor nytta i alle utrekningane er gjennomsnittleg, framskrive utsleppsfaktor for europeisk straummiks dei neste 30 år, på 0,2 kg CO₂-e pr kW (Sweco 2023)

- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Eigedom og utbygging

25.2. Energieffektiv byggdrift

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** Mål om 3% årleg reduksjon av samla tilført energi pr. m2 i bygga våre
Tiltak for å nå desse måla:
Kompetanseheving av byggdriftarar
Sentral kompetanse på tekniske anlegg og byggdrift
Oppgradering av tekniske anlegg
Aktiv bruk av EOS (energioppfølgingssystem)
Oppgradering av varmesentralar
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
Ansvarleg avdeling: Eigedom og utbygging

25.3. Systematisk arbeid med klimakrav i anskaffingar

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
Skildring: I juni 2022 vart det i Fylkestinget vedteke krav for berekraftig utbygging i VLFK (Saksnr.: 2022/54786-1). Desse krava i generelle kravspesifikasjonar for utbygging i Vestland Fylkeskommune, og omfattar ei rekke tiltak for å redusere klimafotavtrykket frå utbygging.
I 2024 fekk EiU innvilga Klimasats-tilskot på 1,8 mill. kr for å jobbe systematisk med klimakrav i entreprisedanskaffingar innan bygg og anlegg. Fase 1 (Kartlegging og erfaringsinnhenting) av prosjektet er gjennomført i 2025 med følgjande anbefalingar for vidare arbeid:
Etablere miljøprogram for byggverksemda som innarbeider vedtekne krav og mål. Erstatte dagens generelle kravspesifikasjon for miljø med miljøoppfølgingsplan for det enkelte prosjekt tilpassa prosjektet sin type, storleik og geografi.
Revidere rutinar i prosjektgjennomføringsmodell for bygg som sikrar at klima- og miljøvurderingar blir utført til riktig tid og dokumentert på riktig måte.
Revidere krav til klimagassberekningar, rapportering og visualisering av KPIar for å vise at ein bidreg til å nå VLFK sine mål. Samarbeide med andre byggherrer i vår geografi om å skape føreseielege rammer for leverandørane.
Etablere verktøykasse for bruk av 30% tildelingskriterium for klima og miljø
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
Ansvarleg avdeling: Eigedom og utbygging

26 Utgreiing om potensiale for energieffektivisering i Vestland

Ingen tiltak i 2026

Deltema: Klimavenleg landbruk

27 Redusert klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket

Ingen tiltak i 2015

28 Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgjeving

28.1. Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgjeving

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Mogeleg med støtte frå regionalt miljøfond til klimarådgjeving. Føremålet er at bonden skal få rådgjeving om garden sitt klimaavtrykk og behovet for klimatilpassing på garden. Bruk av klimakalkulator inngår i dette arbeidet for systematisk å få oversikt over utslepp, korleis redusere utsleppa, og korleis binde karbon på garden.
- **Hovudansvarleg:** Statsforvaltaren i Vestland
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

29 Bionova - tilskot til bioøkonomi og klimatiltak

29.1. Bionova

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Sikre vidareformidling av informasjon om den nasjonale tilskotsordninga Bionova til søkerar i Vestland. Sikre at ordninga kan dekke og bidra i Vestland sine utfordringar og mogelegheiter for å gi mest mogeleg resultat for Vestland.
- **Hovudansvarleg:** Innovasjon Norge, Statsforvaltaren og fylkeskommunen
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

30 Styrka jordvern

30.1. Regional jordvernstrategi

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Sikre samordning og kunnskapsdeling for å sette jordvern på dagsorden for å nå ambisjonsnivå i regional jordvernstrategi (jf. Temaplan for landbruk i Vestland 2023-2027). Dette gjennom heilskapleg og langsiktig planlegging. Sikre gjennomgang av alle utkast til kommunale planar på høyring for å sikre at jordvern er ivaretatt.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

Deltema: Berekraftig næringsutvikling

31 Grøn region Vestland

31.1. Grøn region Vestland

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Basert på erfaringane med den metodologien og strukturen som er etablert gjennom Grøn region Vestland og dei resultata som er oppnådde, har fylkesdirektøren vedteke å vidareføre satsinga i form av eit nytt treårig prosjekt med oppstart 1. januar 2026. På bakgrunn av geopolitiske føringar og nasjonal politikk er den overordna ambisjonen for det nye prosjektet å auke konkurransekrafta nasjonalt og internasjonalt for næringslivet i Vestland gjennom innovasjon, reduksjon av utslipp, sirkulære løysingar og utvikling av utslippsfri teknologi. Innsatsen for grøn omstilling skal samordnast i større grad for å gi størst mulig kraft i dette arbeidet (jf. PS 80/2025: Vidareføring av Grøn region Vestland).
- **Hovudansvarleg:** Innovasjon Norge og Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

32.2. Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslipp
- **Skildring:** Kravstilling i anbod for å fremje utslipps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar på oppdrag bestilt av Vestland fylkeskommune. Verksemda jobbar i tråd med kravsendring i innkjøpsforskrifta frå 1.1.2024. For å nå målet om netto nullutslipp innan 2030, må innsatsen trappast opp dei kommande åra. I 2026 skal prosjekt med eit budsjett over 200 millionar kroner prioriterast for null- og lågutsleppsløysingar. Fram mot 2030 skal denne terskelen gradvis senkast, slik at fleire og fleire prosjekt blir prioritert. Målet er at alle prosjekt, uavhengig av storleik, skal vurderast for elektrifisering innan 2030.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Eigedom og utbygging, Infrastruktur og veg, mobilitet og kollektiv

32.3. Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv gjennom samarbeidsavtale mellom Vestland idrettskrets og Vestland fylkeskommune. Målet er å bli ein sterk regional utviklingsaktør i høve nybygg, rehabilitering, bygging og drift av idrettsanlegg der FN sine berekraftsmål vert lagt til grunn. Samarbeidet skal heve kompetansen på området gjennom felles tiltak og møteplassar for kompetanseheving og rådgjeving for å sikre nyskapande aktivitetsanlegg og berekraftige arrangement. Ansvarleg: Vestland Idrettskrets og Vestland fylkeskommune.
Tema er eit viktig tema i regional kulturplan (2023-35). Vestland fylkeskommune har inngått ein samarbeidsavtale med NTNU/ SIAT om kompetanse knytt til berekraftig anleggsutvikling.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Kultur og folkehelse

33 Sirkulære verdikjeder

Ingen eigen tiltak i 2026. Er ein integrert del av Grøn Region Vestland tiltak 31.1.

34 Karbonfangst, -bruk og -lagring

34.1. Karbonfangst, -bruk og -lagring

- **Skildring:** Arbeide politisk for gode rammevilkår for lokalisering og realisering av CCS-prosjekt i Vestland. Arbeida med CCS/CCUS inngår i fleire av HUBane i Grøn region Vestland og blir fylgd tett. Arrangere CCU/CCUS-konferanse på UiB.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

35 Netto nullutslepp frå dei største punktutsleppa

Ingen eigen tiltak i 2026. Er ein integrert del av Grøn Region Vestland tiltak 31.1.

Plantema: Redusere klimafotavtrykket

36 Grønt hytteliv i Vestland

Prosjektet er avslutta. Ingen tiltak i 2026.

37 Plaststrategi

37.1. Plaststrategi

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** Fylkeskommunen gjennomfører tiltak i plaststrategien gjennom eigne avdelingsprosjekt og budsjettløyving. Framhald i 2026 vil innebere ei løyving på kr 1 mill til plastrydding, deltaking frå vidaregåande skule i Plastutfordringa/Sirkulær og til grøne arrangement.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

38 Verktøy for å rekne ut klimafotavtrykket

Ingen tiltak i 2026

39 Klimavenleg innkjøp

39.1. Kontinuerleg forbetring av klimakrav i anskaffingar for fylkesvegane i Vestland

- Tiltak i klimabudsjett 2026: Indirekte utslepp
- **Skildring:** Klimakrav i anskaffingar - 30 % vekting
Føremålet med å stille krav om 30 % vekting av klima og miljø i anskaffingar er å:

- auke etterspurnaden etter grøne løysingar,
- og redusere fylkeskommunens klimagassutslepp.

Status og tiltak

Klimasatsprosjektet "Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland" vart avslutta i 2025, og arbeidet er vidareført i ny fase. Følgjande tiltak er gjennomført:

- Malverk for anskaffingar er revidert for å ta betre omsyn til klima.
- Det er utvikla rettleiingsmateriell.
- Rutinar, sjekklister og prosedyrar er lagt inn i Kvalitetssystemet for å sikre forankring i organisasjonen.
- Det er etablert kontakt og betre dialog mellom innkjøpsavdelingar i Vestland fylkeskommune for erfaringsutveksling.
- Over 40 prosjekt har fått operativ bistand til å utarbeide klimakrav i kontraktar, blant anna innan tunnelrehabilitering, rekkverk, skredsikring og gang- og sykkelveg.
- Kontakt med leverandørar og andre byggherrar er styrka gjennom konferansar, nettverk og kontraktgruppemøte.
- Det er laga ein eigen rettleiar for 30 %-vekting for INV, og arrangert faggrupper for kompetanseheving.

Vidare arbeid

Tiltaket blir vidareført i 2026 med fokus på:

- kontinuerleg forbetring av malar og verktøy,
- å gjere prosjektorganisasjonane i stand til å handtere kravet sjølv,
- og operativ bistand i prosjekt, til dømes ved utforming av konkurransegrunnlag og deltaking i anbudsprosessar.

Framover vil vi ha særleg fokus på:

- oppfølging i anleggsfasen,
- og erfaringsutveksling på tvers av seksjonar.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

39.2. Grøne IT-løysingar

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** Leggje til rette for grønare IT-løysingar og produkt i bruk i fylkeskommunen. Legge til rette for sikre og føremålstenlege produkt, med fokus på auka sirkularitet og energieffektivisering gjennom gjenbruk og ombruk og gjenvinning av IT-utstyr.

I 2025 er det per september blitt selt tilbake 1672 einingar, og 1197 av desse einingane er allereie i ny sirkulasjon. Det er spart 330 tonn CO2 med denne ordninga i perioden januar 2025 til september 2025.

- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** IKT og digitalisering

39.3. Sirkulære møblar

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** Ny Rammeavtale for møbelinnkjøp vart signert juni 2025. Avtalen gir moglegheit for innkjøp av brukte møbel og teneste knytt til reparering/redesign av møbel.
Innkjøpsseksjonen har laga ei rutine som ligg i Kvalitetspotalen som heiter: Framgangsmåte for å dekke behov av møbel.

I byggprosjekta skal vi bruke DFØ sin effektkalkulator for å beregne eit CO2-utslipp på møbel i prosjektet, kvart prosjekt vil ha ein slik rapport. Dei første rapportane vil omhandle Kvam vgs og Stord vgs (avdeling Vabakkjen). Arbeidet med den nye rammeavtalen blir vidareført i 2026.

- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Opplæring og kompetanse

39.4. Fremje sirkularitet i offentlege infrastrukturprosjekt gjennom Leverandørutviklingsprogrammet (LUP)

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** Ivareta fylkeskommunen si partnarrolle i det nasjonale leverandørutviklingsprogrammet (LUP), der programansvarlege er NHO, KS, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), Innovasjon Norge og Forskningsrådet. Dete for å stimulere offentlege aktørar til å stille krav om sirkularitet ved store offentlege infrastrukturprosjekt, og andre relevante prosjekt. Legge til rette for at leverandørar i Vestland posisjonerar seg til å sikre verdiskaping lokalt. Fylkeskommunen er medlem.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon og Infrastruktur og veg

39.5. Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har publisert ein drivstoffmatrise og tilrår prioritering av nullutsleppsteknologi og biogass i offentlege anskaffingar der transport inngår. Fylkeskommunen har utarbeidd standard krav for dette til anskaffingar. Krava kan bli brukt direkte, i ein marknadssdialog eller i omarbeidd form for å tilpassast det enkelte innkjøpet. Det er òg utarbeidd standardkrav for rapportering på utslepp og i nokon kontraktar er krav til rapportering allereie innarbeida.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Organisasjon og økonomi

39.6. Pilot: Bruk av karbonnøytral betong

- **Skildring:** Legge til rette for bruk av karbonnøytral betong i nokre av INV sine prosjekt der kvalitetskrav gjer at lågkarbonbetong ikkje kan nyttast for å redusere dei indirekte utsleppa. Avhengig av ekstern finansiering. Undersøke moglege EU-finansiering.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

39.7. Fossilfri bilpark i VLFK: Køyretøyforvaltning

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Direkte utslepp
- **Skildring:** Det er under utvikling ei API-løysing som gjev ei digital oversikt mot Statens Vegvesen sin køyretøydatabase. API (Application Programming Interface) er eit digitalt grensesnitt som gjer at ulike datasystem kan utveksle informasjon automatisk og trygt. Denne koplinga til køyretøyregisteret vil gi oppdatert informasjon om Vestland fylkeskommune sin bilpark - til dømes tal bilar, type og andre eigenskapar. Dette vil gje eit godt grunnlag for å følgje utviklinga i kor stor del delen av bilparken som er elektrisk og kva køyretøy som nyttar fossilt drivstoff.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Opplæring og kompetanse

40 Berekraftige kantiner

40.1. Berekraftige kantiner

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Indirekte utslepp
- **Skildring:** Miljøfyrtårn sett krav til heilskapleg tilnærming til berekraftig matservering. Vestland fylkeskommune samarbeider med Matvalget om prosjektet "Berekraftig og sunne kantiner i Vestland", der målet er å legge til rette for erfaringsdeling mellom kantinene og gi tilbod om praktisk rettleiing i berekraftig måltid til fleire skular som ønskjer å vidareutvikle sitt kantinetilbodet. FN definerer berekraftig kosthald slik: «Kosthald som har låg miljøpåverknad, som bidrar til mat- og ernæringsikkerheit og til eit sunt liv for noverande og framtidige generasjonar».
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

41 Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren

41.1. Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren

- **Tiltak i klimabudsjett 2026:** Ikkje-kvantifiserbare klimatiltak
- **Skildring:** Dialog kring tiltak vil skje i samarbeid med prosessen for årsplan for Regional plan for kultur 2023 - 2035.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Kultur og folkehelse

Plantema: Trygt og robust Vestland

42 Auka bruk av naturbaserte løysingar for klimatilpassing

Ingen tiltak i 2026. Tematikken vil bli inkludert i arbeidet med 13.1 for å sikre heilskapleg planlegging i kommunane.

43 Klimatilpassing av fylkesvegnettet

43.1. Konkretisere behov for klimatilpassing

- **Skildring:** Det er vist at det er eit stort behov for oppgradering av infrastruktur for å vere førebudd på framtidig auke i flaumrisiko. For å prioritere vegstrekingar, er det behov for å konkretisere kartlegginga og knyte dette saman med forsterkningsprogrammet og evalueringskriteria knytt til investeringsprosjekt over Regional transportplan. Slike tiltak er relevant som EU-prosjekt med finansiering. Tiltaket er utsett grunna manglande ekstern finansiering og vert sett i samanheng med tiltak 23.7. Auka bruvedlikehald.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

43.2 Forsterkning av veginfrastruktur

- **Skildring:** Kunnskapsgrunnlaget for forsterkingsbehov på fylkesvegnettet peiker på at det er fleire gevinstar ved å forsterke fylkesvegnettet. I tillegg til kostnadsreduksjon på lenger sikt, vil det òg vere eit monaleg bidrag til å unngå klimagassutslepp ved at ein utset behovet for rehabilitering og nye anlegg. I tillegg vil dette forlenge levetida og dermed redusere kostnadane på lenger sikt og redusere vedlikehaldsbehov og vedlikehaldsetterslepet.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

43.3 Innovativ skredsikring

- **Skildring:** Med auka nedbør må vi rekne med auka skredhyppigheit og at det kan gå skred på stader som i dag er rekna som trygge. Prosjektet Innovativ skredsikring skal finne måtar for betre sikring med kortare anleggsperiode i skredfarleg terreng. I tillegg er det mål om å finne metodar som gjev lågare kostnad og klimagassutslepp. I 2026 skal prosjektet samanfatte kunnskapsgrunnlag, finne handlingsrommet og starte opp eitt til to pilotprosjekt.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

44 Medverknadsmetodar for klimatilpassing

Ingen tiltak i 2026. Prosjektet var ferdig i 2024.

45 Søke klimatilpassingsmidlar

45.1. Søke klimatilpassingsmidlar

- **Skildring:** Søknadsfrist 16. februar 2026
- **Hovudansvarleg:** Alle
- **Ansvarleg avdeling:** Alle

46 Kommunenettverk for klimatilpassing

46.1. Kommunenettverk for klimatilpassing

- **Skildring:** Nettverk for å styrke arbeidet med klimatilpassing, då oppdatert kunnskap, erfaringsdeling og læring er viktig for å lukkast. Nettverket er drifta av KS der kommunar i heile landet vert invitert. Mål om deltaking frå kommunar i Vestland i 2026 også.
- **Hovudansvarleg:** KS Vestland
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

47 Samfunnstrykkleik og beredskap

47.1. Samfunnstrykkleik og beredskap

- **Skildring:** FylkesROS Vestland er ein overordna analyse av risiko og sårbarheit i fylket, inkludert konsekvensane av klimaendringane. Den vil vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for beredskapsplanlegging, og for analysane av risiko- og sårbarheit i kommunane. Oppfølging av handlingsplanen til FylkesROS vil vere eit viktig tiltak for å redusere sannsynet for, og konsekvensane av uønskte hendingar.
- **Hovudansvarleg:** Statsforvaltaren i Vestland
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

48 Rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt

48.1. Rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt

- **Skildring:** Sivilbeskyttelseslova og forskrifta til den pålegg kommunen å utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse. Analysen skal omfatte risiko og sårbarheit i eige område, m.a. uønskte naturhendingar. Det er viktig at analysen omfattar vurderingar av risiko og sårbarheit i eksisterande busetnad og infrastruktur, og konsekvensar av klimaendringane. Statsforvaltaren driv rettleiing og tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta etter sivilbeskyttelseslova
- **Hovudansvarleg:** Statsforvaltaren i Vestland
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

49 Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur

Ingen tiltak i 2026 - prosjektet var ferdig i 2024.

50 Klimarisikovurdering av Vestland

50.1. Klimarisikoanalyse av Vestland

- **Skildring:** Utarbeide analyse over klimasårbarheit i Vestland fylke. Vert gjennomført med interne ressursar på tvers av avdelingar. Vi vil utforske mogelegheit for å teste ut rettleiar og metode i utvalgte kommunar i samarbeid med relevante aktørar. Eventuelle mindre utgreingar vert finansierte av øyremerkte midlar på klimafond.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

50.2. Klimarisiko i Vestnorsk fjordlandskap

- **Skildring:** Fullføre klimarisikoprojekt i samarbeid med ICCROM, Riksantikvaren og Miljødirektoratet om å teste og gjennomføre ei klimarisikoanalyse i Vestnorsk fjordlandskap.
- **Hovudansvarleg:** ICCROM, Riksantikvaren , Miljødirektoratet og Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Kultur og folkehelse

51 Kulturmiljøverdiar i eit endra klima

51.1. Nettverk for kulturmiljø og klima

- **Skildring:** Deltaking i Riksantikvaren sitt nyoppstarta nettverk for kulturmiljø og klima. Nasjonal møteplass for aktørar innan kulturmiljøforvaltning som jobbar med eller ynskjer å utvikle kompetanse innan klima og kulturmiljø. Nettverket sine to fokustema er (1) reduksjon av klimagassutslepp gjennom sirkulærøkonomi og ombruk, og (2) klimatilpassing. Nettverk for kunnskapsutvikling og kompetanseheving og bidra til å vidareutvikle arbeidet på klimafeltet som er av betydning for kulturmiljøforvaltninga.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Kultur og folkehelse

Plantema: Sikre naturmangfald

52 Forarbeid arealrekneskap

52.1. Arealrekneskap for Vestland

- **Skildring:** Areal- og naturrekneskap er eit nyttig verktøy i arealplanlegging. Forarbeidet til eit regionalt arealrekneskap er i gang, med langsiktig mål om å utvikle verktøy for utarbeiding av regionale areal- og naturrekneskap for fylkeskommunane. Dette vert utarbeida i samarbeid med relevante forskingsaktørar og kommunar.

Arealregnskapet skal nyttast til å synleggjere naturkonsekvensar av fylkeskommunen sine investeringstiltak på eit tidlegare tidspunkt, til dømes gjennom investeringsprogrammet.

I 2026 skal INV samarbeide med NTNU om eit masterprosjekt der arealrekneskap for eit konkret prosjekt blir tema.

- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon og Infrastruktur og veg

52.2. Sikre naturmangfald i statleg sikra friluftsområde

- **Skildring:** Sikre viktige naturverdiar i statlege sikra friluftsområde gjennom forvaltingsplanar, og planlegging av skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Ved tildeling av tilskot til tiltak i områda skal konsekvensane av naturmangfaldet vurderast jf. § 8-12 i Naturmangfaldslova. Vestland fylkeskommune godkjenner forvaltningsplanane for dei statleg sikra områdene og tildeler statlege midlar til tilrettelegging og skøtsel av områda.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune saman med friluftsråda og kommunane
- **Ansvarleg avdeling:** Kultur og folkehelse

53 Kartlegging av karbonrike areal

53.1. Kartlegging av karbonrike areal

- **Skildring:** Følgje opp avtale med HVL om støtte til gjennomføring av fysisk kartlegging av karbonrike areal gjennomført av studentar. Avtalen er vidareført til midlane er brukt opp i 2026.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

54 Økosystemtenester

54.1. Smart veglys

- **Skildring:** Vestland fylkeskommune tar del i den tverretatlege satsinga om å redusere veglys på utvalde plassar. Ved å redusere lysforureining vil ein redusere påverknad på nattaktive dyr, frigje elektrisk kraft til andre føremål og på sikt redusere klimafotavtrykket. Statens vegvesen er prosjekteigar og avdeling for infrastruktur og veg bidreg som innspelspart. Fylkesvegane utgjer det største volumet av vegar med veglys og vi vil derfor kunne bidra til å auke potensialet for måloppnåing ved å inkludere fylkesvegane.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

54.2. Restaurering av natur

- **Skildring:** Naturrestaurering av nedlagde fylkesvegar vil styrkje økosystemtenester ved å gjenopprette den økologiske tilstanden. Tiltaket vil gje betydelege miljøgevinstar, som betre leveområde for stadeigne artar, og på sikt auka karbonbinding og betre overvasshandtering i reetablerte myrar og skogsområde, samt fremje rekreasjonsmoglegheiter som friluftsliv. Å tilbakeføre tidlegare påverka område til naturleg tilstand er eit konkret tiltak som fremjar biologisk mangfald, i tråd med Naturavtalen. Arbeidet omfattar detaljprosjektering og restaurering av 1,5 km nedlagt veg utanfor Fv. 500 Kroatunnellen i Kvinnherad kommune. Det vert arbeida med ekstern finansiering.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

54.3. Tiltaksplan for framande artar

- **Skildring:** Framande artar er ein stor trussel mot biologisk mangfald og ein stor utfordring i alle bygge- og anleggsprosjekt. Det er behov for ein heilskapleg tilnærming til handtering av framande artar. Tiltaket er å danne prosjektgruppe på tvers av relevante seksjonar i Vestland fylkeskommune. Målet for prosjektet er å lage generelle prosedyrar som kan nyttast til å lage gode prosjektspesifikke planar for handtering av framande artar.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Infrastruktur og veg

55 Berekraftig forvaltning av kystlynghei

55.1. Berekraftig forvaltning av kystlynghei

- **Skildring:** Tildeling av tilskot til beiting og brenning av kystlynghei, gjennom regionale miljøtilskot i Vestland.
- **Hovudansvarleg:** Statsforvaltaren i Vestland
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

56 Innspel til naturrisikoutvalet

Ingen tiltak i 2026 - naturrisikoutvalet har levert si utgreiing.

57 Naturmangfaldsplanar

57.1. Naturmangfaldsplanar

- **Skildring:** Styrke arbeidet og fokusere på naturmangfald i kommunale planar, og i kommunale naturmangfaldsplanar. Det er mogeleg å søke tilskot frå Miljødirektoratet til planprosessen.
- **Hovudansvarleg:** Statsforvaltaren i Vestland
- **Ansvarleg avdeling:** Næring, plan og innovasjon

Plantema: Klimarettferd og folkehelse

58 Klima og folkehelse tydeleg på dagsorden

58.1. Webinar i folkehelsenettverket

- **Skildring:** Inkludere klima og folkehelse, med vekt på klimarettferd, som tema i folkehelsenettverket sine arrangement gjennom året.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Kultur og folkehelse

58.2. Tilskot til plan for friluftlivets ferdselsårer

- **Skildring:** Tilskot til kartlegging av friluftsområde og ferdselsårer i kommunane for å sikre betre planlegging og forvaltning av ferdselsårer som nyttast til rekreasjon og friluftsliv. Eit våtare og villare klima stiller krav til korleis vi planlegg og tilrettelegg stiar og turvegar for å vere robuste og toler auka klimapåkjenning. Ivaretaking av område for natur og friluftsliv er viktig både i eit klima- og folkehelseperspektiv.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Kultur og folkehelse

58.3. Utlånsentralar

- **Skildring:** Bidra til fornying av utstyr og bidra til at det er utlånsentralar i alle kommunane i fylket. VLFK gir ikkje tilskot direkte til BUA, Skattekommeret eller liknande ordningar. Frilager Bergen og Omland har etablert filial i Vestland i 2024. Gjennom prosjektet ro- og padleruter Vestland er det eit mål om å få til eit felles kart over utlånsstader knytt til roing og padling.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Kultur og folkehelse

59 Måle kopling mellom klima og folkehelse

59.1. Vidareutvikle eksisterande undersøkinga

- **Skildring:** Fylkesutvalet har sett av midlar til å gjennomføre folkehelseundersøking i Vestland i 2026, i samarbeid med FHI. Vurdere behov for klimarelaterte tilleggsspørsmål i samanheng med andre regionale fokusområder.
- **Hovudansvarleg:** Vestland fylkeskommune
- **Ansvarleg avdeling:** Næring plan og innovasjon og kultur og folkehelse

